



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 17.06.2009
Møtetid: 08:30- 16.15
Møtestad: Kommunehuset

Av 21medlemmer møtte 21, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Eva Hellevang Odd Lønnebakken	Roy Vegar Hope Ole Totland
Andre som var til stades på møtet:	
Adm.sjef Ramsli, Ass adm sjef Våge, konsulent Magda Haugen, øk.sjef Erdal	
Merknader:	
<ul style="list-style-type: none">• Gunnveig Loe A var ugild i sak nr. 33/09 – som varamann møtte Dagfinn Gjerde A• Øyvind Røen Sp var ugild i sak nr. 33/09 – som varamann møtte Endre Kjeilen Sp• Helga Nygård Sp var ugild i sak nr. 33 /09 – som varamann møtte Anne Tandstad Sp• Brigte Olav Gåsadal A hadde permisjon frå møtet frå kl. 12.00 til 13.00• Jon Magne Bogevik Frp fekk permisjon og gjekk frå møtet kl. 15.15, frå sak 33/09	
Utvalet sitt kvarter:	
<ul style="list-style-type: none">• Jens Harald Abotnes Krf – orienterte om utvikling i arbeidsløsestatistikken• Brigte Olav Gåsadal A – orienterte om Partnermøte i Sigowet i Kenya• Øyvind Røen Sp - orienterte frå møte i LNK.• Helga Nygård Sp – orienterte frå møte i IKA• Jon Magne Bogevik Frp – Spørsmål om arbeidet med Strandsoneplanarbeidet• Sture Tveit H – Spørsmål om ferjefritt vegsamband (kyststamvegen) og kryssing av Samnangerfjorden.• Sigmund Dyrhovden Krf - spørsmål om BIR	
Orienteringar/meldingar:	<ul style="list-style-type: none">• Utekontakten i Kvam melde forfall til avtalen om å halda orientering i møtet.• 6 medlemmer frå Ungdomsrådet møtte i k-sak 31/09 for å orientera om sitt syn i saka.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none">• Rapport frå ped.kons. Steinsland vedk ad.hoc gruppa sitt arbeid med skulebruksplan.• Arbeidsløsestatistikk for Samnanger kommune.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24.06.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
024/09	09/279	Faste saker	
025/09	09/25	Disponering av overskot 2008	
026/09	09/247	Oppretting av stilling som fagarbeidar IKT - del av organisasjonsprosjektet rådmannen sin stab	
027/09	09/22	Budsjettendringar 2009 - driftsbudsjettet	
028/09	09/22	Budsjettendringar 2009 - investeringsbudsjettet	
029/09	09/249	Økonomiplan 2010 - 2013	
030/09	09/17	Fleirbrukshall i Samnanger	
031/09	09/106	Forsøk med røysterrett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret.	
032/09	09/197	Vidare utbygging av breiband i Samnanger.	
033/09	09/210	Kommunale vegar	
034/09	09/97	Ny plandel til plan- og bygningslova - kommunestyrets adgang til å delegera oppgåver og kompetanse.	
035/09	09/258	Rentefritt lån PROSAM AS	
036/09	09/11	Endring av reguleringsplan bustadfelt Steinsland	
037/09	09/245	Møtefullmektig forliksrådet	
038/09	09/226	Fritak kommunale verv 2008 - 2011	
039/09	09/58	Omgjering av stillingsnemning frå administrasjonssjef til rådmann	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 024/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

17.06.2009 Kommunestyret
Handsaming i møtet:

Merknader sakliste og innkalling:

- Jon Magne Bøgevik Frp hadde merknad om at saksdokumenta var komne seint til han. Ordførar orienterte om at dokumenta vart sendt onsdag 10.06.09 frå kommunen
- Jon Magne Bøgevik Frp hadde merknad til sak nr 29/09 – økonomiplan: Høyringsfristen er sett til den 20.06 medan saka skal handsamast i 17.06. Adm sjef orienterte om at vedtaket kan gjerast med atterhald om evt merknader.

Protokollen frå førre møte vart godkjent med følgjande merknader:

- Nils Gåsdal A hadde merknad om at delar av vedtak i k-sak nr 18/09 vedk. First responder var falle ut.
- Ass.adm.sjef Hilde Lill Våge orienterte om rapport frå arbeidet med skulebruksplan.
- Bjørn Sævilid B viste till utsendt rapport frå steinnemnda og presisterte om at det har vore samarbeid med Statens vegvesen.

Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret):

- Gunnar Bruvik Frp
- Gunnveig Loe A
- Marit A. Aase Krf

Utvalet sitt kvarter:

- Jens Harald Abotnes Krf orienterte om siste utvikling i arbeidsløsestatistikken i Samnanger kommune.
- Brigte Olav Gåsdal A orienterte om partnarmøte i Sigowet i Kenya no i juni. 2 av våre sør-deltakarar har brote kontrakten pga den eine skulen sitt brot på barnekonvensjonen vedk. fysisk avstraffing. Kenya sin utdanningsminister er kopla inn og vil følgja opp saka.
- Øyvind Røen Sp orienterte om si deltaking som utsending frå Samnanger kommune på landsmøte i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). Dei tok også opp omdømmebygging, innvandring, folketalsutvikling og nasjonalparkar / verna område.
- Helga Nygård Sp informerte om styremøte i IKA (interkommunalt arkiv). IKA skal flyttast til nye lokale i samarbeid med Bergen byarkiv.
- Jon Magne Bøgevik Frp spurte om status på strandsonerplanarbeidet. Leiar i Naturutvalet Olaug Øystese A orienterte om det pågåande arbeidet. Merknader frå Fylkesmannen samt vakanse i stillingar gjer at arbeidet tek noko lengre tid. Samnanger kommune sin arealplan vert rullert hausten 2009. Adm.sjef Ramsli supplerte med utfyllande opplysningar.
- Sture Tveit H tok opp spørsmålet om Samnanger kommune sitt standpunkt i saka om ferjefritt vegsamband (kyststamvegen) og kryssing av Samnangerfjorden. Han meinte at denne saka bør handsamast av kommunestyret snarast råd er.

- Sigmund Dyrhovden Krf tok opp spørsmålet om BIR vil mista noko av inntektsgrunnlaget når avfallet no skal transporterast bort frå regionen. Ordførar Marit Aase Krf orienterte om drøftingar som no pågår i BIR.

KS-024/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med merknad frå Jon Magne Bogevik.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent med merknader frå Gåsdal der vedtaket i K-sak 18/09 skal lyde:

1. Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os.

2. Det vert innført First Responder ordning. Ordninga vert starta opp i juni månad 2009. Legevaktssamarbeid og First Responder ordninga skal evaluerast innan 01.09.2011.

Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet.

Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter.

3. Det blir gjort framlegg til Statens vegvesen om at veg til Os blir oppgradert til høgare standard for vintervedlikehald etter at Samnanger skal ha samarbeid om legevakt med Os.

- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.
- Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll: Gunnar Bruvik Frp, Gunnveig Loe A, Marit A. Aase Krf.

Saknr. 025/09

DISPONERING AV OVERSKOT 2008

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ”Konto for ferietiltak for funksjonshemma vert auka med kr. 50.000, knt for tilleggsøyvingar får kr. 726.867,42 resten av overskotet vert lagt til disposisjonsfondet.”

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ”Overskotet for 2008 på kr. 2.476.867,42 vert disponert slik: Disposisjonsfondet kr. 1.700.000 og tilleggsøyvingskonto kr. 776.867,42.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Aase sitt fekk 2 røyster, og Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster.

PØ-029/09 Vedtak:

”Konto for ferietiltak for funksjonshemma vert auka med kr. 50.000, knt for tilleggsøyvingar får kr. 726.867,42 resten av overskotet vert lagt til disposisjonsfondet.”

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke

KS-025/09 Vedtak:

Konto for ferietiltak for funksjonshemma vert auka med kr. 50.000, knt for tilleggsøyvingar får kr. 726.867,42 resten av overskotet vert lagt til disposisjonsfondet.

Saknr. 026/09

OPPRETTING AV STILLING SOM FAGARBEIDAR IKT - DEL AV ORGANISASJONSPROSJEKTET RÅDMANNEN SIN STAB

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Oppretting av stilling som fagarbeidar IKT- Del av organisasjonsprosjektet rådmannen sin stab.

Rådmannen sin stab vert styrka med ressursar tilsvarande 100% stilling som fagarbeidar.

For 2009 med kr. 50.000 (inkl.utlysing av stillinga) dekkja av tilleggsøyvingskonto.

Frå 2010 vert stillinga innarbeidd i ordinært budsjett, ca kr. 450.000. ”

Det vart røysta over framlegget til Aase, som vart samrøystes vedteke.

PØ-030/09 Vedtak:

Oppretting av stilling som fagarbeidar IKT- Del av organisasjonsprosjektet rådmannen sin stab.

Rådmannen sin stab vert styrka med ressursar tilsvarande 100% stilling som fagarbeidar.

For 2009 med kr. 50.000 (inkl.utlysing av stillinga) dekkja av tilleggsøyvingskonto.

Frå 2010 vert stillinga innarbeidd i ordinært budsjett, ca kr. 450.000.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 20 mot 1 røyst.

KS-026/09 Vedtak:

Oppretting av stilling som fagarbeidar IKT- Del av organisasjonsprosjektet rådmannen sin stab. Rådmannen sin stab vert styrka med ressursar tilsvarande 100% stilling som fagarbeidar.

For 2009 med kr. 50.000 (inkl.utlysing av stillinga) dekkja av tilleggsøyvingskonto.

Frå 2010 vert stillinga innarbeidd i ordinært budsjett, ca kr. 450.000.

Saknr. 027/09

BUDSJETTENDRINGAR 2009 - DRIFTSBUDSJETTET

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Budsjettjustering som på s.10 i saksframlegget, med tillegg om prosjektet: VATN-kreative krefter kr. 50.000 frå tilleggsøyvingskonto ”.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-032/09 Vedtak:

Rammetilskot vert auka opp med kr. 500.000. Økonomisk sosialhjelp vert auka opp med kr. 400.000. Resterande sum kr. 100.000 vert sett av på tilleggsøyvingskonto.

Me avventar utfall av rettsak før det evt. vert gitt tilleggsøyving til dekking av advokathonorar barnevern. Me avventar evalueringstiltak opp mot eige budsjett før det vert teke stilling til budsjettet for PLO. Det må lagast nytt budsjett for småkraftsenteret.

Prosjektet ”VATN-kreative krefter” kr. 50.000 frå tilleggsøyvingskonto.

17.06.2009: Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdaal A ba om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

Marit Aase Krf sette fram følgjande framlegg:

Rammetilskot på kr. 500.000,- vert sett på tilleggsøyvingskonto.

Me avventar utfall av rettsak før det evt. vert gitt tilleggsøyving til dekking av advokathonorar barnevern. Me avventar evalueringstiltak opp mot eige budsjett før det vert teke stilling til budsjettet for PLO. Det må lagast nytt budsjett for småkraftsenteret.

Prosjektet "VATN-kreative krefter" kr. 50.000 frå tilleggsøyvingskonto.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga.

Aase sitt framlegg vert vedteke med 15 mot 6 røyster.

KS-027/09 Vedtak:

Rammetilskot på kr. 500.000 vert sett av på tilleggsøyvingskonto.

Me avventar utfall av rettsak før det evt. vert gitt tilleggsøyving til dekking av advokathonorar barnevern. Me avventar evalueringstiltak opp mot eige budsjett før det vert teke stilling til budsjettet for PLO. Det må lagast nytt budsjett for småkraftsenteret.

Prosjektet "VATN-kreative krefter" kr. 50.000 frå tilleggsøyvingskonto.

Saknr. 028/09

BUDSJETTENDRINGAR 2009 - INVESTERINGSBUDSJETTET

05.06.2009: Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk igjennom finansieringsdelen av investeringsbudsjettet sidan ein del av tiltaka er underfinansiert/ikkje finansiert. Det vart då reist spørsmål ved om naturutvalet kan fatta vedtak som går mot kommunestyret si vedtak. Dette gjeld spørsmålet om å omregulera eit par område i reguleringsplan for Steinsland, der omregulering skulle skaffa til veges 2 – 3 bustadtomter der pengane frå tomtesalet er nytta i investeringsbudsjettet. PØ var samrøystes på at naturutvalet sitt vedtak må leggjast fram for kommunestyret anten som sak eller melding.

Etter drøftingar i PØ var det semje om å ta med i vurderingane inntektene frå tomtesalet for nausttomter Rolvsvåg og sal av industritomt Rolvsvåg – til saman kr 690.000. Salssummen for industritomta er tidlegare vedteke ført attende til næringsfondet, og dei må soleis hentast ut frå fondet. Utvalet vel å prioritera opparbeiding i industriområdet kr 500.000, og vil i denne omgang stryke prosjektet med å få sal på kommunalt areal/strøtomter m.m.

Når det gjeld reiskapshuset, avventar ein samtale med Riksantikvaren kva gjeld evt. meirutgifter. Kr 500.000 av utgiftene skal lånefinansierast som budsjettert sjølv om me ikkje får rentefritt lån.

Utvalet står samrøystes bak tilrådinga.

PØ-033/09 Vedtak:

Det vert føreteke fylgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Konto nr. 0.1600.3100.0300 Planlegging av areal for sal vert redusert med 500.000 til 0

Konto nr. 0.1600.3100.6700 Sal av tomter vert redusert med 500.000 til 0

Konto nr. 0.1600.3251.6700 Sal av tomter ind. Rolvsvåg vert redusert med 500.000 til 0

Konto nr. 0.1600.3251.9595 Bruk næringsfondet vert auka med 500.000 til 500.000
Delar av kostnaden med reiskapshus kyrkja kr 500.000 vert finansiert med lån sjølv om det ikkje er
gitt rentekompensasjon for lånet.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

KS-028/09 Vedtak:

Det vert føreteke fylgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Konto nr. 0.1600.3100.0300 Planlegging av areal for sal vert redusert med 500.000 til 0
Konto nr. 0.1600.3100.6700 Sal av tomter vert redusert med 500.000 til 0
Konto nr. 0.1600.3251.6700 Sal av tomter ind. Rolvsvåg vert redusert med 500.000 til 0
Konto nr. 0.1600.3251.9595 Bruk næringsfondet vert auka med 500.000 til 500.000
Delar av kostnaden med reiskapshus kyrkja kr 500.000 vert finansiert med lån sjølv om det
ikkje er gitt rentekompensasjon for lånet.

Saknr. 029/09

ØKONOMIPLAN 2010 - 2013

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Det er sett i gang ei rekke utgreiingsprosjekt som ikkje vert klare før til hausten. Resultatet av desse arbeida vil ha betydning for kva val kommunen må gjera på fleire område. Ut frå dette vart det fatta eit samrøystes vedtak som inneber at delar av prioriteringane først kan gjerast i dei siste møta før jul, dvs. at heile økonomiplanen må takast opp på nytt når årsbudsjett 2010 vert handsama.

PØ-034/09 Vedtak:

Framlegg til økonomiplan for Samnanger kommune 2010 – 2013 vert gjort gjeldande slik han ligg føre med desse endringane:

Driftsbudsjettet

- 100 % stilling for fagarbeidar IKT og 10 % stilling for tilsynslege på sjukheimen vert innarbeidd i budsjettet f.o.m. 2010.
- Kompetansesenter for småkraft får ei årleg løyving på kr 200.000 i 2010, 2011 og 2012 finansiert ved bruk av næringsfondet.

Pga. pågåande utgreiingsarbeid på ei rekkje område i organisasjonen avventar ein resultatet av dette før ein salderar driftsbudsjettet. Dette vert gjort ved handsaming av årsbudsjettet for 2010.

Investeringsbudsjettet

Prioriterte investeringstiltak går fram av framlegg til økonomiplan.

I planperioden skal bygging av nytt senter for personar med nedsett funksjonsevne og fleirbrukshall prioriterast. Tidspunkt og finansiering vert tatt stilling til ved handsaming av årsbudsjettet for 2010 når det ligg føre ytterlegare informasjon om tiltaka.

Resultatet av utgreiinga om fleirbrukshall vil ha påverknad på kva val kommunen gjer i høve til ma. bruk av kommunehuset, lokalisering av bibliotek og skulestruktur.

Utbetring ved Samnangerheimen vert gjort for å auka standarden på post 4 og redusera tal doble rom. Arbeidet skal gjerast i 2010 sjølv om det medfører mellombels reduksjon i tal sjukeheimplassar.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdaal A vart innvilga permisjon frå møtet med ein halv time mellom kl. 12.00 – 12.30.

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke

KS-029/09 Vedtak:

Framlegg til økonomiplan for Samnanger kommune 2010 – 2013 vert gjort gjeldande slik han ligg føre med desse endringane:

Driftsbudsjettet

- 100 % stilling for fagarbeidar IKT og 10 % stilling for tilsynslege på sjukeheimen vert innarbeidd i budsjettet f.o.m. 2010.
- Kompetansesenter for småkraft får ei årleg løyving på kr 200.000 i 2010, 2011 og 2012 finansiert ved bruk av næringsfondet.

Pga. pågåande utgreiingsarbeid på ei rekkje område i organisasjonen avventar ein resultatet av dette før ein salderar driftsbudsjettet. Dette vert gjort ved handsaming av årsbudsjettet for 2010.

Investeringsbudsjettet

Prioriterte investeringstiltak går fram av framlegg til økonomiplan.

I planperioden skal bygging av nytt senter for personar med nedsett funksjonsevne og fleirbrukshall prioriterast. Tidspunkt og finansiering vert tatt stilling til ved handsaming av årsbudsjettet for 2010 når det ligg føre ytterlegare informasjon om tiltaka.

Resultatet av utgreiinga om fleirbrukshall vil ha påverknad på kva val kommunen gjer i høve til ma. bruk av kommunehuset, lokalisering av bibliotek og skulestruktur.

Utbetring ved Samnangerheimen vert gjort for å auka standarden på post 4 og redusera tal doble rom. Arbeidet skal gjerast i 2010 sjølv om det medfører mellombels reduksjon i tal sjukeheimplassar.

Vedtaket vert gjort med atterhald i høve til evt. Merknader innan høyrinsfristen 20.06.

Saknr. 030/09

FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 200 000 til vidare arbeid med planane for ein fleirbrukshall i Samnanger

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen sette fram følgjande framlegg :” Det vert løyvd inntil kr. 200.000 til mindre arbeid med ein fleirbrukshall i Samnanger. Tiltaket skal finansierast ved bruk av driftsfond for fysisk aktivitet, knt. 251.20.540.

Plannemnda som er nedsett får dette mandat: Ein greier ut ulike omsyn og tilhøve som er nemnde i planprogrammet som er lagt ved saka. Arbeidet skal følgja framdriftsplanen som er skissert i det same vedlegget.”

Røen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PØ-035/09 Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 200.000 til mindre arbeid med ein fleirbrukshall i Samnanger. Tiltaket skal finansierast ved bruk av driftsfond for fysisk aktivitet, knt. 251.20.540.

Plannemnda som er nedsett får dette mandat: Ein greier ut ulike omsyn og tilhøve som er nemnde i planprogrammet som er lagt ved saka. Arbeidet skal følgja framdriftsplanen som er skissert i det same vedlegget.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke med nokre endringar i formuleringane.

KS-030/09 Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 200.000 til arbeid med ein fleirbrukshall i Samnanger. Tiltaket skal finansierast ved bruk av driftsfond for fysisk aktivitet, knt. 251.20.540.

Plannemnda som er nedsett får dette mandatet: Ein greier ut ulike omsyn og tilhøve som er nemnde i planprogrammet som er lagt ved saka. Arbeidet skal følgja framdriftsplanen som er skissert i det same vedlegget.

Saknr. 031/09

FORSØK MED RØYSTERETT FOR UNGDOM SOM FYLLER 16 ELLER 17 ÅR I VALÅRET.

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune ønskjer ikkje å ta del i forsøket med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret.”

Framlegget vart vedteke med 4 mot 1 røyst. ”

PØ-036/09 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ta del i forsøket med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret.”

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Roy Vegar Hope H sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune ønskjer å ta del i forsøket med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret.”

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga: PØ sitt framlegg fekk 12 røyster og vart vedteke. Hope sitt framlegg fekk 9 røyster og fall.

KS-031/09 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ta del i forsøket med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret.

Saknr. 032/09**VIDARE UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER.**

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard Krf sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune løyver inntil kr. 275.000,- til utbygging av breiband i området Tveit/ Langeland og Kvernes / Lid.

Midlane vert henta slik:

- Kr. 50.000,- frå allereie budsjetterte midlar for breibandutbygging 2009
- Kr. 225.000,- frå disposisjonsfondet.

Kostnadane med å grava grøft under høgspantlina i Hagaåsen vert gjort form av dugnad / spleiselag mellom dei som bur på Tveit / Langeland og Samnanger kommune. Dette vil vera med å redusera dei kommunale løyvingane.

Kostnaden med utbygging skal dekkast ved kommunal løyving på inntil kr. 275.000,-. Det er forventa statleg medfinansiering på 50% som skal tilbakeførast til disposisjonsfondet.”

Møtet vart mellombels heva for at innhaldet i framlegget frå Aasgaard skulle kvalitetssikrast. Debatten heldt fram.

Det vart røysta over framlegget frå Aasgaard som vart samrøystes vedteke.

KS-032/09 Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 275.000,- til utbygging av breiband i området Tveit/ Langeland og Kvernes / Lid.

Midlane vert henta slik:

- Kr. 50.000,- frå allereie budsjetterte midlar for breibandutbygging 2009
- Kr. 225.000,- frå disposisjonsfondet.

Kostnadane med å grava grøft under høgspenning i Hagaåsen vert gjort form av dugnad / spleiselag mellom dei som bur på Tveit / Langeland og Samnanger kommune. Dette vil vera med å redusera dei kommunale løyvingane.

Kostnaden med utbygging skal dekkast ved kommunal løyving på inntil kr. 275.000,-. Det er forventa statleg medfinansiering på 50% som skal tilbakeførast til disposisjonsfondet.

Saknr. 033/09

KOMMUNALE VEGAR

03.06.2009: Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Gunnveig Loe og Helga Nygård ba om å få vurdert om dei var ugilde ved handsaming av denne saka. Dei gjekk frå ved handsaming av spørsmålet om ugildskap. Ole Totland var kalla inn som varamedlem for Loe. Han tok sete. Utvalet vedtok med 5 mot 1 røyst at Loe og Nygård var ugilde, **Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert starta arbeid med å omklassifisera Gamlevegen Bjørkheim og Veggen frå kaien på Haga til Fylkesvegen frå kommunale vegar til private vegar.

Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

Dei vegane som pr. d.d. er kommunale skal framleis vera det då det ser ut til at dette er velbegrunna.

4 røysta for framlegget frå Tveit og 2 for framlegget frå Øystese.

NAT-018/09 Vedtak:

Det vert starta arbeid med å omklassifisera Gamlevegen Bjørkheim og Veggen frå kaien på Haga til Fylkesvegen frå kommunale vegar til private vegar.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Kommunestyret hadde ein prinsipiell debatt om gildskap / ugildskap i forhold til lovgjevinga (kommunelova/forvaltningslova). Det vart først røysta over om det skal nyttast same prinsipp vedk gildskap som ved tidlegare handsaming i Naturutvalet. Dvs: Dei som ber om å verta ugilde er dei som vert personleg berørt av dei vurderte kommunale vegane.

Øyvind Røen Sp, Helga Nygård Sp og Gunnveig Loe A ba om å få vurdert gildskapen sin.

Dei gjekk frå møtet medan følgjande varamenn kom til: Anne Tandstad Sp, Endre Kjeilen Sp og Dagfinn Gjerde A. Desse vart funne ugilde med 14 mot 7 røyster.

Kristian Jørgensen Krf sette fram følgjande tilleggsframlegg:

”Dei andre kommunale vegane blir fortløpande vurdert.”

Olaug K. Øystese A sette fram følgjande framlegg:

”Dei vegane som pr. dags dato er kommunale, skal framleis vera det, då det ser ut til at dette er velbegrunna.”

Sture Tveit H sette fram følgjande framlegg:

”Det vert starta arbeid med å omklassifisera Gamlevegen Bjørkheim og veg til Jarland frå kommunale vegar til private vegar.”

Olaug Øystese bad om gruppemøte og møtet vart mellombels heva. Jon Magne Bogevik fekk permisjon kl. 15.15 for resten av møtet. Det var då 20 representantar att i Kommunestyret.

Sigmund Dyrhovden Krf sette fram framlegg om utsetjing av saka:
”Saka vert utsett. Naturutvalet blir bedt om å handsama saka på nytt. Kriteria for kva som skal vera kommunale vegar må mellom anna gjennomarbeidast.”

Kommunestyret drøfta utsetjingsframlegget og røysta så over dette. 16 røysta for utsetjingsframlegget og 4 røysta mot. Saka vart utsett.

KS-033/09 Vedtak:

Saka vert utsett. Naturutvalet blir bedt om å handsama saka på nytt. Kriteria for kva som skal vera kommunale vegar må mellom anna gjennomarbeidast.

Saknr. 034/09

NY PLANDEL TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA - KOMMUNESTYRETS ADGANG TIL Å DELEGERA OPPGÅVER OG KOMPETANSE.

Administrasjonssjefens forslag til vedtak:

I medhald av § 3-3 tredje ledd i Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) vidareføres gjeldande ordning med barnas representant.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 1 vidareførast § 4.1.02 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003: ” Utval for natur er kommunen sitt faste planutval”.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 2 føyast følgjande avsnitt til § 4.2.01 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003:

”Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan – og bygningsloven) (plandelen) av 27.6.2008 nr. 71.

Kommunestyret delegerer avgjerdsretten etter Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonen”.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-027/09 Vedtak:

I medhald av § 3-3 tredje ledd i Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) vidareførast gjeldande ordning med barnas representant.

I medhald av Kommuneleovas § 10 nr. 1 vidareførast § 4.1.02 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003: ” Utval for natur er kommunen sitt faste planutval”.

I medhald av Kommuneleovas § 10 nr. 2 føyast følgjande avsnitt til § 4.2.01 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003:

”Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan – og bygningsloven) (plandelen) av 27.6.2008 nr. 71.

Kommunestyret delegerer avgjerdsretten etter Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonen”.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget frå Naturutvalet som fekk 18 røyster. 2 røysta i mot.

KS-034/09 Vedtak:

I medhald av § 3-3 tredje ledd i Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) vidareførast gjeldande ordning med barnas representant.

I medhald av Kommuneleovas § 10 nr. 1 vidareførast § 4.1.02 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003: ” Utval for natur er kommunen sitt faste planutval”.

I medhald av Kommuneleovas § 10 nr. 2 føyast følgjande avsnitt til § 4.2.01 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003:

”Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan – og bygningsloven) (plandelen) av 27.6.2008 nr. 71.

Kommunestyret delegerer avgjerdsretten etter Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonen.

Saknr. 035/09

RENTEFRITT LÅN PROSAM AS

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

ProSam a.s får eit rentefritt lån frå Samnanger kommune på kr 200.000. Lånet skal attendebetalast etter kvart som innvilga tilskot til ulike prosjekt vert utbetalt.

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:” ProSam a.s får eit rentefritt lån frå Samnanger kommune på kr 200.000. Lånet skal attendebetalast etter kvart som innvilga tilskot til ulike prosjekt vert utbetalt.”

Samrøystes vedteke.

PØ-043/09 Vedtak:

ProSam a.s får eit rentefritt lån frå Samnanger kommune på kr 200.000. Lånet skal attendebetalast etter kvart som innvilga tilskot til ulike prosjekt vert utbetalt.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke

KS-035/09 Vedtak:

ProSam a.s får eit rentefritt lån frå Samnanger kommune på kr 200.000. Lånet skal attendebetalast etter kvart som innvilga tilskot til ulike prosjekt vert utbetalt.

Saknr. 036/09**ENDRING AV REGULERINGSPLAN BUSTADFELT STEINSLAND****Naturutvalet sitt vedtak:**

Det vert ikkje føreteke endringar av reguleringsplan for Steinsland.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg til vedtak:

”Kommunestyret vedtar reguleringsendring av gardsnr. 25/101 frå skogbruk til boligformål: Reguleringsplan av Steinsland – Gjerde, stadfesta 17.06.1971. Berørte partar tilskrivast med brev med info om klagerett. Heimel for vedtaket er PBL § 28-1nr2. Det vert ikkje gjennomført ytterlegare planarbeid med reguleringsplanen for del av Steinsland – Gjerde.”

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Naturutvalet sitt framlegg fekk 14 røyster og vart vedteke. Sigmund Dyrhovden sitt framlegg fekk 6 røyster og fall.

KS-036/09 Vedtak:

Det vert ikkje føreteke endringar av reguleringsplan for Steinsland.

Saknr. 037/09**MØTEFULLMEKTIG FORLIKSRADET**

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Anne Kolle, Kristian Jørgensen og Tyra Pedersen. Samrøystes vedteke.

PØ-038/09 Vedtak:

Anne Kolle, Kristian Jørgensen og Tyra Pedersen vert valde som møtefullmektig for forliksrådet.

17.06.2009 Kommunestyret
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-037/09 Vedtak:

Anne Kolle, Kristian Jørgensen og Tyra Pedersen vert valde som møtefullmektig for forliksrådet.

Saknr. 038/09

FRITAK KOMMUNALE VERV 2008 - 2011

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Vidar Rolland B og Brigt Olav Gåsdal A sette fram følgjande framlegg: "For nytt 2.varamedlem til PØ og Adm.utval vert hermed gjort framlegg om: Olaug Øystese, Arbeiderpartiet."

Det vart røysta over framlegget. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-038/09 Vedtak:

For nytt 2.varamedlem til PØ og Adm.utval vert hermed: Olaug Øystese, Arbeiderpartiet.

Saknr. 039/09

OMGJERING AV STILLINGSNEMNING FRÅ ADMINISTRASJONSSJEF TIL RÅDMANN

05.06.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: "F.o.m 17.06.09 blir tittelen administrasjonssjef endra til rådmann. Like eins blir assisterande administrasjonssjef endra til assisterande rådmann." Framlegget vart samrøystes vedteke."

PØ-042/09 Vedtak:

"F.o.m 17.06.09 blir tittelen administrasjonssjef endra til rådmann. Like eins blir assisterande administrasjonssjef endra til assisterande rådmann." Framlegget vart samrøystes vedteke.

17.06.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-039/09 Vedtak:

F.o.m 17.06.09 blir tittelen administrasjonssjef endra til rådmann. Like eins blir assisterande administrasjonssjef endra til assisterande rådmann.

